



Nr. 3

65. årgang

Allehelgen 2024



Lukas 13:18-21

Så sa Jesus: «Kva er Guds rike likt? Kva skal eg samanlikna det med? Det er likt eit sennepsfrø som ein mann tok og sådde i hagen sin. Det voks og vart til eit tre, og fuglane under himmelen bygde reir i greinene på det.» Og igjen

sa han: «Kva skal eg samanlikna Guds rike med? Det er likt ein surdeig som ei kvinne la inn i tre mål mjøl til alt var gjennomsyra.»

Kvar haust er det ein søndag som blir kalla «påskedag om hausten». Den

handlar om å oppdage håp og nytt liv når livet i naturen ser ut til å visne, forfalle og dø.

Ei slik oppdaging og påminning fekk eg i gåve 27. april i år, altså rundt påsketider. Eg hadde på ei gudsteneste ei god stund tidlegare – 11. februar – delt ut

solsikkefrø som ein del av preika, og deretter gløymt det heile. Den 27. april fekk eg SMS med bilde av ei livskraftig solsikke!

Då lærte deg dette:

- Ein av oss som var der og fekk solsikkefrø, planta det.
- Frøet høyrer til i jorda – først då gir det resultat.
- Voksteren kjem innanfrå. Det er der potensialet ligg.
- Det ser lite ut, men har stor kraft.

Jesus er genial med forteljingane sine. Bilete fungerer den dag i dag for oss, for me også plantar og somme bruker surdeig.

Kort fortalt:

- Guds rike kan sjå lite ut, men har stor kraft.
- Guds rike kjem innanfrå, det er der potensialet ligg.
- Guds rike høyrer til i kvardagen, i samfunnet – det er der det gir resultat.
- Guds rike skal og kan plantast. Det er ikkje komplisert, og det er Gud som gir vekst, ingen andre.

God haust. Det er håp. Det er nytt liv. Det kjem innanfrå, og det er Gud som gir vekst.

Ingebjørg Vik Laugaland  
Sokneprest



#### VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord  
Kyrkjetenar: Ola Bøland  
Soknerådsleiar: Kristin Bakke Lajord  
kristin@bakkelajord.no  
Kontonr: 2146.60.18764  
Vipps 590297

#### HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Tore Hovda  
Kyrkjevevje: Håkon Berge  
Soknerådsleiar: Solbjørg Kvålshaugen  
solbjorg\_kvålshaugen@icloud.com  
Kontonr: 2146.30.09721  
Vipps 129651

#### ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715  
2978 Tyinkrysset

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Eirik Øye  
Kontonr: 2146.60.04674  
Vipps 118656

#### HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350  
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie  
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi  
Soknerådsleiar: Marianne Riste  
marianneriste@hotmail.com  
Kontonr: 2146.30.09969  
Vipps 544817

#### ØYE KYRKJE OG

ØYE STAVKYRKJE  
Øyevegen 130/135  
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Eirik Øye  
Kyrkjevevje: Ove Trøen  
Soknerådsleiar: Aud Synnøve Kvale  
aud.kvale@gmail.com  
Kontonr: 2146.20.55304  
Vipps 118656

#### TILSETTE:

##### Sokneprest:

Ingebjørg Vik Laugaland  
Tlf: 926 53 320  
e-post: il597@kirken.no  
Presten har kontor på Drengestøga.  
Ta kontakt på telefon for avtale.

##### Kyrkjekontoret

Dagleg leiar: Silje Hammerstad,  
Tlf. 902 42 171  
e-post: sh466@kirken.no  
Kontortid: 09.00-15.00

Organist i alle kyrkjer: Stilling vakant

##### Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:

Nils Bjarne Wangenstein

##### Felles e-post:

post.vangivaldres@kirken.no

#### Gravferdstider i kyrkjene i Vang:

1. mai – 30. september: tysdag – fredag kl. 11.00 eller kl. 13.00  
1. oktober – 30. april: tysdag – torsdag kl. 11.00 eller kl. 13.00, fredag kl. 11.00

Redaksjonen vart avslutta 4. oktober  
Neste menighetsblad utkjem veke 50, frist for innsending av tekst og bilete er 15. november. Bidrag sendast på epost til [vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com)

**Eitt år i rolla**

Då kan eg herved feire eit år i rolla som kyrkjevevja, og eg håper verkeleg at det blir mange fleire. Arbeidet er utan tvil krevjande, men og variert og meiningsfullt.

**Kyrkjegardane våre**

Nok ein haust er i anmarsj – og me får no nytte dei siste vekene med varme før vinteren kjem. Me håpar og at de tek ein tur innom gravplassane dykkar for å rydde klart til ny sesong, slik at ikkje hauststormen tek lause gjenstandar med seg.

Kyrkjegardane har i stor grad vorte godt

ivaretatt denne sesongen når det kjem til vedlikehald, og me lyt få takke dei som har bidrege til dette gjennom ein sommar med godt vekse-vêr. Me veit at dette betyr mykje for mange, og telefonen står ikkje stille dersom ikkje dette er i orden.

**Takk til omvisarane**

Me ynskjer og å takke omvisarane for innsatsen denne sesongen, og det er utan tvil mange som tek turen innom stavkyrkjene våre i løpet av sumarveke- ne. I hovudsesongen har det vore heile 825 besøkande i Høre, og 657 besøkande i Øye. I tillegg har det vore mange






føresurnader om omvisning utanfor sesong, noko me ofte har fått til, grunna fleksible guidar som stepper inn på kort varsel. Dette er utan tvil med på å skape blest og interesse om vår felles kultur- arv.

Med ynskje om ein fortsatt magisk haust  
– frå Silje

*Dugnad ved Heensåsen kyrkje*

Det var strålende vakkert ver på Heensåsen denne ettermiddagen før 17. mai, og rundt tjue ivrige sokneborn med river, traktor og godt humør hadde møtt fram for å stelle i stand på kyrkjegarden og i området rundt Heensåsen kyrkje. Arbeidet gjekk snøgt og det vart og tid til ei god rast og ein triveleg prat på benkane rundt flaggstonga. Randi Sandhaugo frå soknerådet hadde baka nydeleg kringle og andre frå soknerådet hadde ordna med kaffi. Guro Hovda hadde baka muffins. Det vart staseleg og ryddig alle vegne, og etter kaffistun- da kunne alle rusle nøgde heimover.

Solbjørg Kvalshaugen



## Jonsokmesse i Øye stavkyrkje

Tradisjonen tru var det også i vår Jonsokmesse i Øye stavkyrkje. Spesielt i år var barsedåpen under messa. Anne Guri Søndrol Wahlquist og Haakon Wahlquist bar sonen sin, Erik, til dåpen.

Veret viste seg frå si beste side med sol og ganske så vindstille.

Denne vesle, gamle kyrkja var fullsatt med dåpsfylgje og bygdafolk. I denne kyrkja er det få sitteplassar, så mange hadde med eigen stol. Stemningen denne kvelden var uforgløyemeleg og høgtidsstemt med fullsatt kyrkje, nokså myrkt med levande lys og mange festkledde deltakarar.

Høre mannskor med sin dirigent, Jovita S. Bergheim, sang ute før alle gjekk inn til messe, og mannskoret sang også to salmar ute på kyrkjebakken etter messa. Med dunkelt lys inne i kyrkja vart messa gjennomført utan papir. Det fungerde fint.

Både små og store familiemedlemmer av dåpsfamilien deltok aktivt i messa under god leiing av soknepresten vår, Ingebjørg V. Laugaland. Dagens tekst var

frå Matteus 7:21-29: «Den som høyrer desse orda mine og gjer det eg seier ...»

Presten snakka om å bruke sansane for å oppfatte det gode Gud ynskjer for oss.

Klokkaren i Øye, Ola Bøland, leia salmesangen.

Messa vil me hugse godt, då den ga alle deltakande nærvær og oppleving som berører oss.

Tekst: Helge Lajord

Foto: Carl Philip Weisser



## Døde i Vang det siste året (oktober 2023 - september 2024)

### Øye sokn:

Ola Grøv  
Odd Tore Ødegård  
Hanne Bergheim  
Helge Opdal  
Bent Harald Lindbæk Johansen

### Høre sokn:

Tora Johanne Hansen  
Knut R Thune  
Ola Høyme  
Per Madsen  
Eivind Wangensteen  
Jorunn Dagny Haugen

### Heensåsen sokn:

Knut Normann Wangensteen  
Gunnar Ingvald Heen  
Trygve Peder Lunde  
Ingeborg Sandsengen

### Vang sokn:

Maren Ellingbø  
Kirsti Berge  
Ottar Haugen  
Karl Aastad  
Lynn Adam Niamh  
Ingvar Blystad



## Eldredagen i Vang

Det er haust, sola skin, det er fyrste oktober, FN sin internasjonale eldredag; ein dag med markering frå året 1990. Vang kommune har markert eldredagen i mange år, også no i 2024, på Åsvang samfunnshus.

Leiar av eldrerådet Berit Nefstad ynsk te velkommen, og Gerd Marken kom med helsing frå pensjonistlaget gjennom dikt, små skrøner og litt historie. Soknepresten vår Ingebjørg Vik Laugaland heldt eit flott lysbileteshow og fortalde om ei interessant sauesanking frå Hjelmeland kommune i Ryfylkeheiane. Sauesanking i Ryfylkeheiane er noko heilt anna enn det vi er vant med her i Vang. Det går over fleire dagar i bratt og vanskeleg terreng med overnatting enten ute eller på hytter. Ingebjørg tok oss også med til vinter i Ryfylkeheiane, med flotte vinterbilete. Her fekk vi sjå at dei også fann att sauer på ei hylle i januar eit år. Dei fekk dei ned til bygda over frose vatn ved å feste sandpapir rundt klauvane på sauene.

Av FN sine berekraftsmål, 17 i talet, les vi frå nummer tre: *Å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.* FN har også sett 2021–2030 for tiåret for *sunns alderdom.* Og for eldredagen 2024 står det at FN sitt tema er *aldring med verdigheit.*

På eldredagen leia Marte Tangen frå Frivilligsentralen ein uhøgtideleg sam-

tale med tre eldre sambygdingar frå godstolane på scena på Åsvang; Marie Hermundstad, Boye Thorpe og Sidsel Offergaard Jevne. Samtalen inneheldt spørsmål rundt overgangen frå arbeidslivet til pensjonisttilveret, om hobbyar, frivillig arbeid, besøksteneste og ulike aktivitetar som gir mening og livskvalitet i eldre dagar.

Det er viktig å røre litt på skrøtten i løpet av dagen, så Gunnveig Holien stilte opp på scena og leia forsamlinga gjennom enkle øvingar. Desse kunne enkelt utførast sitjande på ein stol. Ho fortalde elles litt frå prosjektet *Sterk og stødig*, ein treningsform som er laga til for eldre folk.

Allsong må til på ein eldrefest. Med Alistair Peters bak pianoet og Ingunn Hommedal som allsongleiar måtte songen blir bra. Og songstemmene rustar ikkje; kanskje skulle vi synge oftare – også i kvardagen.

Ingen fest utan mat! Saras mat sytte for kaffi og nybaka kringle i starten og for mykje spanande, god og smakfull varm mat som middagsrettar seinare.

Ein triveleg dag med mange frammøtte frå heile Vang. Takk til alle dykk som kom og til dykk som sytte for underhalding og hjelp til med alle praktiske ting.

Frå eldrerådet i Vang ved  
Kari Bø Wangensteen og Berit Nefstad



## Årsmøte i Onsdagskafeen

Onsdag 25.9 kalla Onsdagskafeen inn til årsmøte. Soknerådsleiar/fellesrådsleiar, sokneprest og kyrkjeverge var kalla inn, og møtet tok opp ulike saker som handlar om dagleg drift og samarbeid.

Bjørg Lerhol ønska avløyning i styret, og møtet takka henne for lang og tru teneste. Ingunn Hommedal er arvtakar og har med det økonomiansvaret vidare.

Årsmøtet vedtok å donere overskotet frå drifta til Menighetsbladet, noko redaksjonen takkar varmt for!

Ingebjørg Vik Laugaland, sokneprest



## Hilsen fra Vangsheimen dagsenter og Solgløtt dagsenter

Vi er nå godt i gang igjen med dagsentrene og det til stor glede for våre brukere! Sommeren har for flere vært lang – særlig for dem som ikke hadde store planer når dagsentrene var sommerstengte i fire uker. Så når vi nå er på plass igjen, fylles lokalene til randen med brukere.

Når sommeren først ankom Vang, var ikke brukerne vanskelige å be ut – ut på gåturer i nærmiljøet for å nyte sola når den viste seg. Fysisk aktivitet er viktig, og brukerne selv er veldig glade i å nytte seg av nærmiljøet. Kanskje møter vi «kjensfolk» på turen? Ofte skjedde det, og slike møter settes pris på. Samtidig blomstret det utenfor dagsentrene til stor glede for brukerne og andre besøkende.

Midt i juni samlet vi oss og dro til Beitostølen for å spise god middag på Jotunstogo. Brukere fra begge dagsentrene deltok – hele 16 brukere meldte seg på! Turen gikk over Slettefjell, ned til Beito og videre opp til Beitostølen. Etter en god middag dro vi hjemover via Raudalen–Eggeåsen–Ryfoss og E16 hjemover mot Vang. Turen ble en suksess hvor vi fylte ryggsekken med mange gode minner. Vi ønsker å takke Vang i Valdres Taxi og Jotunstogo for god service.

Sommeren skred videre med blandet vær. Høstsesongen startet med sang, gode samtaler, turer ute i nærmiljøet og andre hobbyaktiviteter. Det vil bli et variert program utover høsten ved begge dagsentrene.

Hilsen personalet ved  
Solgløtt dagsenter og  
Vangsheimen dagsenter



## Festivalopning i Vang

Fyrst ut under årets Jørn Hilmestemme skulle det vore ein fottur inn Fagerdalen med kjentmann Tor Harald Skogheim og spelemann Jan Beitoaugen Granli. Vêrgudane var ikkje på vår side, så turen måtte avlysast, men det var i staden eit konsertforedrag innomhus på ærverdige Bygdin Høifieldshotel, der Tor Harald og Jan delte av sin store kunnskap knytt til fjell og folkemusikk.

Etter ein varmande middag var det så klart for ein konsert med tre blad Hegge. Gunvor, Oddrunn og Ingebjørg forvaltar stolte langeleiktradisjonar frå Valdres, og på denne konserten fekk dei vel 50 tilhøyrarane høyre langeleikspel og forteljingar som kalla fram stemningar og bilete frå støslivet og fjellheimen. Ute bles det surt, men inne varma dei vare tonane frå langeleikane. Dette var ein nydeleg start på ei rikhaldig festivalveke.

Ingvild Lie

Dagleg leiar Valdres folkemusikkarrangement



## Konfirmantar 2025



Frå venstre: Birk Skeie, Ylva Solemsli, Isak Johannes Havro, Hedda Skeie, Gleb Diadiurenko, Frøya Hippe Lunde, Elise Vendil Guldvik-Belsheim, Thias Tørstad, Ingebjørg Laugaland, Nova Kallhovd, Amanda Bø, Karoline Bjone Veflen. Peter Johan Haaverstad og Emrik Anakin Martinsen var ikkje tilstades då bildet vart tatt.

## «Finne-Lussi» ... Lucie Mortensdotter Kant ... Lussi Kant Myrås

Torstein Kongslie har bede meg skrive litt om Finne-Lussi i Menighetsbladet. Han har kome med nokre skriv, samt opplysningar han har fått frå andre kantar. Torstein er dyrlege, fødd og oppvaksen i Nørre Kongslie i Liagardo, der mange av gardane hadde tilknytning til reindrift, men har i årevis budd med sin familie i Vik i Sogn. Han fortel at han hadde sin fyrste sumarjobb i området ved elva Gaula, Ålen kommune. Her møtte han bl.a. søskenbarna til Elias Mortensen, sørsame frå Elgå som har vore reinsgjeter her i Valdres, og som gifte seg med Inga Beito.

Det meste av stoffet om Finne-Lussi er å finne i andre bøker, men lite her o lite der. Eg må nok tilstå at eg er seintarbeidande, har sete på informasjon frå Torstein ei tid. Men når så mange rundt no tek fatt i denne saka, så er det på tide å ha litt i vårt lokale nyheitsblad og.

Eg treng ikkje skrive alt lenger – viser til flott artikkel i avisa Valdres fredag 30. august 2024 av Marit Beate Kasin, boka Frå jeger til gjeter av Kjell Bitustøyl, og vår eiga Turbok for Vang. Google har og ein del.

Lussi stammar frå Ålen og bygda Hessdalen, født inn i reindriftmiljøet der. Ektemannen Lars Jonasson Myaas var frå Meråker. Dei prøvde å livnære seg ved reingjeting. Tronge tider i heimeområdet gjorde at familien i 1889 hadde eit kort opphald i Paris. Der deltok dei i utstilling av «rare urfolk og vanskapingar» mot betaling.

I 1891 kom familien til Vang, der Lars hadde fått gjeting hjå Vang og Øye reinselskap. Dei fekk opp ei liti støge på vestsida av Smådøla, rett ned for Njukestølen på Smådalen, i fjellområdet der ein del av gjetinga nok føregjekk. Etter fire-fem år var det kanskje både heimlengt og økonomi som var årsak til flytting til Tolga. Historia fortel at Lars og prøvde seg som gruvearbeider på Røros, og at han også har hatt arbeid på Bergensbanen, men til sist vart han berre sporlaust borte.

Eit nokonlunde rett bilde av livsløpet, etter dei skriva eg har sett: Lussi var fødd i 1857 og døydd i Vang 23. sept.

1944. Gift med Lars, som var fødd ca 1850. Dei hadde sonen Morten, fødd 1885?, som fraus i hel i snøstorm i Hessdalen i 1899. Sonen Jonas fødd i 1888 var reingjeter og døydd 19 år gamal i Vang 2. mars 1907. I 1889 var dei stilt ut ved utstillinga av rare og primitive urfolk i Paris. To år seinare flytta familien til Vang. Her fekk dei dottera Marie i 1894. Ho døydd 12 år gamal i Vang 11. august 1906. Så flytta familien igjen i 1896, der dei fekk dottera Margrete i 1897 i Tolga. Ho døydd 13 år gamal i Vang 21. mai 1910. Ålen kommune/fattigkommisjon ville ikkje betale for familien. Dei hevda at heimstavnen var Vang og transporterte Lussi og dei tre borna til Vang i 1901. Det er ikkje skrive noko om at Lars var med, så han var enten langt vekk på arbeid eller allereie borte for godt.

I året 1898 nekta Vang fattigstyre å refundere krav frå Ålen fattigkommisjon på 2 kroner for understøttelse til «lapp Lars Myraas». «Hvis Lars Myraas fortsatt maa have fattigunderstøttelse, maa han og familien snarest muligt sendes tilbage til Vang», stod det i vedtaket. I 1899 kom krav til Vang frå Røros: kr 12 til seng til Lars Myraas – ikkje innvilga. Vang godtok omsider at Kirkedepartementet skulle avgjera striden.

Dette er klypp frå boka *Vang i 150 år*. Side 51 og utover viser at fattigdom var eit stort og kostbart problem mange små kommuner var redde for. I 1886 gjorde kommunestyret eit vedtak: «ingen i Vangs Prestegjeld maa leie eller indtage i sit Hus Fremmede, mindre dygtige Arbeidere, og have samme saa lenge at de kan faa erhvervet Hjemstavnsret, og skal den det gjør for Eftertiden fritage Fattigvæsenet for nogensomhelst Udgift for saadanne Personer».

Sigfred Hovda har beskrevet Lussi sine gamle dagar slik: Ho budde på ymse plassar i Bøagardo. Ofte var ho å sjå etter vegane i Vangskn, og ho var innoom både her o der for å slå av ein prat og få ein kaffikopp eller fleire. For det meste var ho blid og i godlune og tok gjerne ein dans på kjøkkengolvets dersom ho fekk ei krone, men dersom gapute ungdomar ville ha henne til moro, slo det fort gnistar. Så temperament hadde



Lucie og Ingeleiv Bø

dama!

I følge Torstein Kongslie fortalde reinsgjeter og same Morten Johnsen i Lærdal i ca 1985 at Lussi på sine gamle dagar hadde fått grå stær. Då samla ungdomslaget i Vang inn pengar så Lussi fekk operert augo sine. «Dei var svære med ho Lussi, folka i Vang», sa han Morten.

Lussi sjølv har gjennom brev sagt at ho hadde det bra her i Vang, men ingen stad – heller inga tidsepoke – kjem ein vel unna at nokon vil «ha moro» på andres bekostning.

Ivar Hemsing

Bilde med løyve frå rettighetshavarar



Lucie med ektemannen Lars og dattera Margrete

## Informasjonstavle om Finne-Lussi

Lørdag 7. september vart det avduka ei informasjonstavle for Lucie Mortensdotter Kant ved Vang Autoservice. Etterpå var det lunsj på Mjøsvang kafe. Det var rundt 40 frammøtte i skodda under avdukinga.

Sametinget var representert ved samtingsråd Elisabeth Erke og Innlandet fylkeskommune ved Tirill Beate Myklebust Langleite, nestleiar i kulturutvalet. Ordførar Jørand Ødegård Lunde tok på vegner av kommunen mellom anna imot eit bilde av den støga som stod i Smådalen der Lucie levde ei tid. Dagen etter var det eit tilsvarande arrangement ved Rensenn i Vestre Slidre.

Nils Rogn

Til høgre: Lucie med sonen Jonas i komse



Avduking ved Vang Autosenter. Under, f. v: samtingsråd Elisabeth Erke, ordførar Jørand Ødegård Lunde, og Tirill Beate Myklebust Langleite, nestleiar i kulturutvalet i Innlandet fylkeskommune



På Mjøsvang overrekte samtingsråd Elisabeth Erke kommunen eit bilde av den støga som stod i Smådalen der Lucie levde ei tid



Frå befaringa i Smådalen i september 2022. Frå venstre Oddbjørn Skeie, Vang kommune, Sidsel Bakke, arkeolog frå Sametinget, Nina Hildre, arkeolog Innlandet fylkeskommune, Ingvild Larsen, arkeolog Sametinget og Kjell Bitu-støyl som har skrivne bok om tamreindrift i Valdres, Frå jeger til gjetar (2022).



Frå avdukinga på Rensenn



Frå avdukinga på Rensenn

## «Dronningemne» i Gardalen



Jammen er det flott at vi mennesker er forskjellig utstyrt, med evner, egenskaper og ressurser! Det trengs skapende krefter som får nye tanker og ideer. Det trengs kunstnere som kan bygge videre på ideene og sette dem ut i livet, det trengs organisatorer som kan planlegge – og ikke minst trengs det praktikere som kan utføre alle de utallige konkrete oppgavene. Ellers ville det ikke ha «blitt noe av noe».

Dronningemne, spelet som ble satt opp i Gardalen i overgangen august-september, er et svært godt eksempel på hva man kan få til når alle gode krefter jobber sammen og trekker i samme retning. Denne gangen var det Ragnhild Lund som satt i Gardalen for noen år siden og drømte om hva dette fine, naturlige amfiet kunne brukes til. Gradvis tok et manus form og gode samarbeidspartnere ble engasjert. Alt fra profesjonell musiker og skuespillere til hovedrollene, lokale skuespillere og statister i alle aldre til både større og mindre roller, og bygdas egen billedkunstner Einar Leithe – til folk som kunne bidra med produksjon av sceneinstallasjoner, kostymer, sminke, transport, logistikk, mat og sikkert masse annet. Ingen nevnt, ingen glemt.

Værgudene må ha blitt kontaktet tidlig for å sørge for leveranse av godt og tjenlig vær – og lyd og lys. For dette var en lavteknologisk produksjon. Terrenget selv og den klare sensommerluften


må ha sørget for at lyden bar uten mikrofoner, og sola sørget i rikelig monn for lyset. Og publikum både fra Vang og langveisfra møtte fram i stort antall – sikkert flere enn de tillatte 250 pr. forestilling (men det var neppe noen utfordring med rømningsvei!)

Selve kjernen i historien er jo kjent, med Gyda som krevde at Harald Hårfagre skulle samle Norge til ett rike før hun ville gifte seg med ham. Men her var fokus flyttet fra Haralds gjennomføring av dette kravet, til Gydas rolle som dronningemne og de sterke kvinnene på Kvie sitt betydelige bidrag. Og de historiske friheter man hadde tatt seg med Harald Hårfagre og Aud den djuptenkte tjente til å fremheve dette ytterligere.

Dette spelet var et dristig tiltak som fortjente å lykkes! Og det gjorde det til fulle! All ære til alle som bidro!

Aud Kvale, styreleder i Valdresspelet, opplyser at det blir spel igjen neste år, 30. og 31. august, under forutsetning av at de får ansatt en prosjektleder. Styret ønsker samtidig å få takke alle bidragsytere og ikke minst de frivillige for uvurderlig innsats. Ingen nevnt, ingen glemt.

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne  
Foto: Kari Bø Wangensteen  
Bilder fra programheftet





## *I Sankta Birgitta sine fotspor til Vadstena*

25. mai reiste eg på ein kortare pilegrimstur til Sverige saman med 56 andre. Ein stødig sjåfør skyssa oss frå Oslo til Jönköping i sørenden av Vättern, og han fylgde med oss resten av turen. Eg møtte spent fram, for dette var fyrste pilegrimsturen utan mitt faste turfylgje. Men reiseleiarane la stor vekt på inkludering av alle i gruppa, så det gjekk fint likevel. Reiseleiarane Jon Espeland og Eyvind Skeie «korta ned» bussturane med historier, forteljingar, mykje humor og allsong, mellom anna av trubaduren Evert Taube. Eyvind Skeie har skrivne melodi til fleire av salmane i Norsk salmebok, så slik vart det også salmesong; som Vi er et folk på vandring, Takk gode Gud for alle ting, Ærens konge og Måne og sol.


Reiseleiarane hadde også laga eit hefte til oss med dei nordiske kongane på 1300-talet, norske kongar i det gamle Viken, om Sankta Birgitta og andre viktige personar og hendingar frå område vi passerte.

Vi vandra i tre heile dagar på lokalvegar, turvegar og naturstigar i nærområdet til den store innsjøen Vättern. Vi gjekk gjennom eit rikt kulturlandskap frå enorme område med frodige grønne enger og gule rapsåkrar til klipper, åsar og skogsterreng.

Vi begynte vandra på Franciskusleden frå Ödeshög til Alvastra kloster. Sankta Birgitta budde i nærleiken av Alvastra kloster med ektemannen Ulf etter turen deira til Santiago. I dag er Alvastra kloster ruinar med parkanlegg rundt, men ein liten del av den gamle kyrkja er intakt.

Dei to neste dagane fulgte vi Klosterleden. Frå Alvastra starta vi ved heimen til den svenske forfattaren Ellen Key (1849 – 1926). Eigeidomen hennar er i dag eit museum like ved Vättern. Siste vandringsdagen gjekk vi fram til Vadstena. Frå langvandringar var det tid for ruslevandringar i Vadstena og Linköping dagen etter.

Etter morgonbøn i Vadstena klosterkyrkje fekk vi omvising i Sankta Birgitta sitt klostermuseum. Vi kan lesa at i Vadstena fekk Birgitta openberringar om å bli





Kari foran ruïnene av Alvastrå kloster

Guds talerør, og ho planla eit kloster. Kong Magnus 7. og dronning Blanka gav ho kongsgarden i Vadstena til kloster, men dottera Katarina fullførte sjølv klosteranlegget. Elles rusla vi rundt Vadstena slott, vollgraven og trivelege parkanlegg.

I Linköping domkyrkje, ogå kalla den hellige Birgittas kyrkje, såg vi mellom anna alterpartiet laga av norskætta Henrik Sørensen. Vi rusla rundt i den gamle bydelen i Linköping, ein triveleg bydel med gatebilde og småhus frå gamledagar. På torget kom vi plutseleg over ein eldrefest med flott musikk. Då fekk vi sjå at Eyvind Skeie kunne meir enn å komponere; han var også ein grepa god dansar.

Kven var så Sankta Birgitta? Mangt og mykje er skrive om ho. Ho var født i 1303, gifta seg med Ulf Gudmarsson som 13-åring og fekk åtte born. Ho er mest kjent for sine openberringar som gjorde at ho valde å halde seg nær Gud med eit strengt liv i bøn og aske og omsorg for fattige. Etter at ho blei enke i 1344, brukte ho mykje av tida si på klosterlivet, og Birgittaordenen vart grunnlagt i tida etterpå. Birgittaordenen enda i Sverige ved reformasjonen, men den finst fortsatt i andre land.

Folk såg på Sankta Birgitta som ein jordnær mystikar, kompleks, from og audmjuk. Ho synte seg også som ein uredd politikar og ein sterk autoritet som gav råd både til kongelege og geist-

lege leiarar.

Birgitta levde i eit uroleg århundre under Svartedauden og Hundreårskrigen. Det var splitting mellom kristne i aust og vest, forsterka etter brødrene til dronning Blanka sitt korstog. Birgitta viste ei tøffare side då ho støtta kong Magnus 7. i krigen mot Russland, og ho støtta også korstoga.

Under Svartedauden drog Birgitta gjennom Europa. Ho overlevde pesten og kom til Roma i 1349 for å få godkjent sin orden. Då sat paven lokalisert i Avignon. Ho ivra seinare for å få pave-setet til Roma. Ho reiste ikkje tilbake til Sverige, men busette seg i Italia. Ho døydde i Roma i 1373 og vart gravlagt i Vadstena i 1374.

Paven gjorde Sankta Birgitta til ein av Europa sine tre vernehelgenar i 1999.

Tekst og foto: Kari Bø Wangensteen



**ST. BIRGITTA WAYS**  
THE PILGRIM PATHS TO VADSTENA



## Tur til Vang stavkyrkje i Polen

25. juli var vi 45 stk som var klare for ein 4-dagars tur til Polen. Målet var 180-årsjublieet for gjenreisinga av Vang stavkyrkje i Karpacz. Nokre av oss hadde vore der før både ein og fleire gonger, rekorden var vel 5, men for mange, inkl. ein stavkyrkjeentusiast frå Vinstra, var det fyrste turen.

Vi landa fyrst i Wroclaw der vi skulle vera i 2 netter. Etter middag og ei god natts søvn var det lang byvandring med guide og tolk. Guiden la vekt på at Wroclaw var ei blanding av ulike folk og nasjonalitetar opp gjennom tidene, og noko ulik andre polske byar. Interessant, men eg må innrømme at detaljane har eg gløymt.

Neste dag køyrde vi til Karpacz, og naturen endra seg etter kvart som vi nærma oss fjella. Kyrkja ligg høgt oppe, 885 moh, og det høgaste fjellet, Mount Sniezka, grensar til Tsjekkia. Nokre i følget tok ein ny og moderne stolheis opp. Den gamle, skranglete var heldigvis historie.

Då guiden i bussen begynte på historia om kyrkja og korleis ho var komen til Karpacz, måtte vi fortelja at vi kom frå Vang. Han vart svært overraska, for det hadde han ikkje fått med seg.

Elles var det tydeleg at den fattigdommen vi såg spor av då vi køyrde forbi gardar og bygder i 1992, såg ut til å vera meir eller mindre borte no.

Ski-/tur-destinasjonen Karpacz hadde endra seg mykje med turismen, så det var til tider vanskeleg å kjenne seg att. Kyrkja er likevel den same, og er den mest besøkte stavkyrkja som finst, med 200 000 innom kvart år. Inntektene det gjev er kjærkomne. Den aktive, protestantiske kyrkjelyden står m.a. framfor eit omfattande vedlikehald av kyrkja.

Vi vart svært godt mottekne då vi kom fram på laurdag. For oss som hadde knytt kontaktar ved tidlegare besøk, var det moro å treffe dei att og oppleve at vi kjende kvarandre att. Det vart byvandring, kaffi og kake i hagen nær kyrkja (i sterk konkurranse med kvefsen om godbitane), før konsert med



Heile gjengen



Vang sokneråd og tolken



Pastor Edwin Pech, Helge Lajord og Ola Boland

norskinspirert musikk og til slutt vel-smakande kveldsmat i eit hus kyrkjelyden eig litt lengre unna kyrkja. Der var det ulike innslag og taler, m.a. frå ei tysk venskapskyrkje, koret frå Vang (deler av Vangskoret med forsterkningar av andre turdeltakarar), Vang sokneråd, og tale på tysk ved ordføraren vår. Det er framleis ikkje så mange som forstår engelsk, men tysk kan mange. Dessutan stilte dei med både tysk- og norsktalende tolkar når det var nødvendig.

I det heile hadde dei lagt opp til ei flott og godt planlagd feiring. Festgudstene-  
nesta på sundag hadde trykt program med omsetjing både til polsk, tysk og til dels engelsk og noko norsk, så det gjekk stort sett an å følgje med. Både presten vår og den norske chargé d'affaires, Lars Løberg, kunne derfor tala på norsk.

Koret song der og, og etterpå var det lunsj for dei fleste av oss. T.o.m. intervju med polsk TV var det nokon i reisefølget som vart utsette for. Soknerådet var også inviterte til avslutninga på kvelden.

Olsokdagen skulle vi returnere til Norge, men fyrst hadde vi fått låne kyrkja for å ha ei gudstene-  
este etter svært gammal liturgi. Artig for oss å kunne få vera med på dette i denne gamle kyrkja som ein gong stod i Vang. Orgelet vart ikkje nytta, men klokkaren song føre strofe for strofe, og vi tok oppatt den same. Kyrkjetenaren fekk høve til å gå i tårnet og ringe med klokkene, og Ingebjørg prest hadde med seg ein gammal messehakel til bruk under gudstene-  
esta. Det heile var ei fin oppleving. Nokre få frå den lokale kyrkjelyden var og med.

Takk til Wang kyrkje for invitasjonen, og til soknerådet som arrangerte turen! Får håpe at det kan bli ein gjensitt frå Karpacz om ikkje så altfor lenge!

Tekst og foto: Ingunn H.

Foto: Olav Bøland, Kristin Bakke Lajord, Ingrid Skavhaug, Siri Gro Solemsli



Prelatene



Ingebjørg Vik Laugaland på preikestolen



Helge Lajord og Ingebjørg Vik Laugaland



Til venstre: Bunaddamene. Over: Vangskoret med forsterkningar



# BARNAS SIDE

## Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00.



## Vitsar

Klassa hadde matteprøve. Ei av oppgåvene var slik:  
«Eit hus har 5 etasjar.  
Kvar etasje har 20 trappetrinn. Kor mange trappetrinn må du då gå for å kome til toppen?»  
– Enkelt, tenkte Ole, og skreiv: «Alle.»

- Korleis er den nye gitaren din?
- Eg måtte kaste han.
- Kvifor det?
- Den hadde jo eit stort hol i midten!

Kva får du dersom du kryssar ein kalkulator med eit menneske?  
Svar: Ein ven du kan rekne med.

## Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalde læresveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?  
(Teikning: Kari Sortland)



## Sang og musikk i kyrkjene i desember

Me er mange som set pris på sang og musikk og særleg i advent og juletid – kyrkjene våre er gode rom også for dette.

Sokneråda ønsker å legge til rette for at alle skal kunne oppleve julestemning i kyrkja, og har over tid jobba med ulike konkrete løysingar for å få til dette. Dei kommersielle konsertane er jo flotte, men kan være kostbare å gå på, for ein heil familie for eksempel.

Difor deler me desember på midten:

I første del ønsker me kommersielle aktørar velkomne til å bruke kyrkjene våre til å selge flotte konsertar til oss. I andre del fyller våre eigne kor, korps, solistar og andre, kyrkjene med julesangar, allsang og musikkstykke, som er gratis å delta på.

### I år er det slik:

Laurdag 7.12 kl. 19: Vang kyrkje.  
Vinjerock arrangerer Moddi-konsert

Onsdag 11.12 kl. 18: Vang kyrkje.  
Konsert: Jul med Valdresmål og meining

Måndag 16.12 kl. 19: Vang kyrkje.  
Vi syng og spelar jula inn ved Fjellblom  
Musikklag og Høre Mannskor

Onsdag 18.12 kl. 19: Heensåsen kyrkje.  
Vi syng og spelar jula inn ved Fjellblom  
musikklag og Vangskoret

Søndag 22.12 kl. 19: Høre stavkyrkje.  
Vi syng og spelar jula inn ved Høre  
Mannskor

1. juledag 25.12 kl. 12: Vang kyrkje.  
Høgtidsgudsteneste. Vangskoret deltek

Merk også: Øye kyrkje har lysmesse med konfirmantane i samband med førjulsmarknaden i Øye 24.11. Den messa startar kl. 16:00

Ingebjørg Vik Laugaland



Vinjerock inviterar: Ein jolekonsert med Moddi  
Vang kyrkje, Laurdag 7. desember, kl 19:00



Jul med Valdresmål og Meining 2024:  
Vang kyrkje, Onsdag 11. desember, kl 18:00



## Litt om trusopplæring i desember

### Vil du bli vår neste trusopplærar?

Kyrkja i Vang har ei 20 % stilling ledig. Denne har vore ledig ei stund, og me leitar etter ulike alternativ til å vidareføre tiltaka våre innan trusopp-læring, og me er alle glade for at Anne Lajord Belsheim har tatt Babysongen!



### LysVaken

Me får likevel ikkje til LysVaken til advent i år. Den har mange hatt glede av gjennom åra! Ta gjerne kontakt med oss dersom du kunne tenke deg å hjelpe til med praktiske oppgåver som matlaging, eller overnatting – så kan me likevel få til LysVaken og overnatting i kyrkja på nyåret kanskje?


### Julegrantenning, julegraut og juleverkstad i desember

Me håpar at du som vaksen, ung, eldre, med eller utan familie, vil ha glede av julegrantenninga ved Drenkestøga tysdag 3. desember kl 16:30–18:30. Soknerådet spanderer graut på alle – 5-åringane blir spesielt invitert – og me har leik rundt juletre og ei forteljing på programmet.

Søndag 15. desember inviterer me til juleverkstad i Drenkestøga kl. 12–14. Då får 10-åringane invitasjon, men alle som vil er velkomne! Konfirmantar og prest hjelper til, og det er Ingunn Hommedal som har regien. Takk til Ingunn for det!

Ingebjørg Vik Laugaland

Foto: Ivar Hagerup



## Kongevegen over Kvamskleiva

Geirr Vetti og hans arbeidrar, sherpaer frå Nepal, var sommaren 2020 godt i gang med utbetring av gamle vegen over galden i Kvamskleiva. Der ein del av vegen var utrasa, var det no sett opp eit sikringsgjerde, og sherpaene hadde med stein frå Hemsingberget mura opp så langt sikringsgjerdet rakk.

I november 2020 starta entreprenør Hæhre forarbeidet til Hugaviktunellen. Etter kvart beslutta så Statens vegvesen sine folk at vidare murarbeid på gamlevegen skulle vente til alt sprengningsarbeid med nye tunellen var fullført. Dei hadde nok sikkert rystelsar ved sprengingsarbeidet i tankane. Tunellararbeid har salver med stor sprengkraft, noko fleire bebuarar i nærområdet kan bekrefte. Hæhre er ein bedrift som ved fleire høve har vist at dei har god kontroll. I november 2022, tre månader før planen, vart Hugaviktunellen opna.

I januar 2024 vart det eit møte innkalla av Kvamskleivas venner ved Leif Solemsli i samarbeid med Vang kommune. Thorleif Leine frå kommunen hadde på førehand hatt kontakt med Statens vegvesen og informerte om deira tankar, og vi grunneigarar kom med våre innspel. Det vart sett på heile strekket frå Neset til Søndrol og bestemt at murarbeid i Kvamskleiva skulle ha fyrste prioritet. I juni var det nytt møte med befarar, der seniorrådgjevar for kulturminner i Statens vegvesen, Ann Kristin Engh, og Stibbyggjaren AS ved Geirr Vetti også var med. Thorleif Leine frå Vang kommune er no leiar for prosjektet.

Etter anbudsrunnda vart det på vegne av Kvamskleivas venner inngått kontrakt/avtale mellom Vang kommune og Stibbyggjaren. Ein del skog burde fellast og kunne takast ut med helikopter, samtidig som meir murestein vart frakta frå ura ved Hemsingberget. Jørgen Andrisson Kvam sa ja til felling; han var med og fjerna ein del telefonstolp etter vegtraseen. Desse er ikkje lenger i bruk og var Telenor sitt økonomiansvar.

Tanken var å starte jobben rundt skulestart – då var det sannsynligvis færre turgåarar. Litt tidlegare avslutning på anna jobb gjorde at sherpaene kom hel-



ga 10.-11. august og brukte den veka på å fylle sekker med murestein og anna forbereding. 20.-22. august vart fyrst skog og telefonmaster frakta ut med helikopter, og så stein inn.

Bildene viser deler av det som er gjort dette året. Budsjettet er ikkje oppbrukt, men på grunn av mannskap måtte ar-

beidet avsluttast 31. august. Vi veit foreløpig ikkje om dei kan koma att og få gjort meir i haust.

Vi ser her fine bilder av og frå arbeidet, med tillatelse frå Thorleif Leine.

Tekst og foto: Ivar Hemsing  
Foto: Thorleif Leine, Vang kommune

## Stølsmesse på Kleivasletten

Det er alltid trivelig å komme til fjells på stølsmesse. Denne søndagen var det stølslaget på Kleivasletten som tok imot oss. De som har støl der, er Nørre Austreim, Sørre Austreim, Brattli og Sørre Hemsing.

Hvordan blir været er når det skal være stølsmesser? Støls-husa er ikke bygd med tanke på store menneskeforsamlinger, så er vi mange, MÅ vi være ute. Denne søndagen var det litt vind og gråvær, og da gudstjenesten var over, var det godt å kunne fordele oss i to sæl til prat, kaffe og god traktering.

Ingebjørg snakka om relasjonar og å ha fokus på gode tanker. Klokke Ola leste tekster, salmene ble akkompagnert av Ivar Hemsing og Bjørg Berge, på hhv trekkspill og langeleik, og kirketjener Tore avslutta gudstjenesten med postludium på eufonium. Bortimot 30 to-beinte og noen fir-beinte hadde det fint på Kleivasletten denne dagen. Takk til stølslaget for gjestfrihet, og til kirkestaben for god «niste» videre i hverdagen.

Guro Hovda




## Stølsmesse på Helin

I koronotida innførte soknerådet i Vang ein ny tradisjon med stølsmesse ved osen (nordre enden) ved Helin. Dette hadde vi og planlagt i år. Men værmeldinga viste dessverre store mengder regn den søndagen, så Anine åpna hjarteleg dørene i familiehytta til Rauken og tok imot oss der.

Vi var vel 20 stk samla til messe og kyrkjekaffe. Staben med Ingebjørg prest, klokkar Helge og kyrkjetenar Ola var på plass. Ingunn Hommedal gleda oss med blokkfløytespill til preludium, og spesielt Vangsmjøsa som postludium var flott å høyre på. Salmene på gudstenesta denne dagen sang vi på gamle måten – klokkaren var forsangar og vi song etter. Tekstane var mellom anna om å halde kviledagen heilag, og Ingebjørg ga oss ny og viktig påminning om dei ti boda.

Soknerådet hadde stelt i stand til kyrkjekaffe med lappar og kvikako. Folk kosa seg med kaffe, prat og godt lag i den trivelege hytta. Ein ekstra takk til Anine som tok oss inn i varmen i regnværet. Så satsar vi på godvær og messe ved osen eit anna år.

Kristin Bakke Lajord



## Haust på biblioteket og frivilligsentralen



Scan koda for nyheitsbrev!

I haust skal vi bygge om litt i lokala våre, glasveggen mellom fagavdelinga og galleriet skal bytast ut med ei foldedør. Når den er på plass blir det eit stort, flott rom med plass til mange! Vi stenger ikkje sjølv om vi bygger om, men må nok ommøblere litt undervegs.

### Ny tilsett på biblioteket



I august starta Silje Skogheim i 100% fast bibliotekarstilling hjå oss. Ho er frå Øystre Slidre og har dei siste åra budd i Oslo og jobba ved OsloMet. No gjer ho vangsgjelding av seg etter å ha budd utanbygds sidan vidaregåande. Familien, natur og fjell er trekkplaster for å flytte heim.

- Eg har blitt godt motteke og gler meg til å jobbe på det trivelege biblioteket i Vang, seier Silje, som også gler seg til å sjekke ut det mangfaldige tilbodet her i Vang.

### Sommarlesavslutning



Også i år har ungene i Vang lese godt gjennom sommaren, og midt i september var forfattar Arne Lindmo på besøk. Han trollbatt ungene med å fortelje om serien Trollheim, ein spenningsserie om tre ungar som kjem ut for utrulegting på plassen dei bur. Etterpå delte vi ut bokpremiar til ein sommarlesar på kvart trinn og hovudpremie på bokgåvekort til ein heldig vinnar. Vinnarane er trekt ut blant alle dei som har delteke på sommarles.

### Politikarpraten



Gjennom heile året har vi testa ut eit nytt konsept, etter initiativ frå kommunestyret. Måndag før kommunestyremøta stiller representantar frå dei ulike partia opp på biblioteket mellom kl 16:30 og 17:30, slik at alle som vil kan kome og slå av ein prat. Du kan kome med innspel til saklista for kommande kommunestyremøte, eller prate om andre saker som du brenn for. Vi serverer pizza til praten slik at lågt blodsukker ikkje skal kome i vegen for gode samtaler. Neste Politikarpraten er 14. oktober, 11. november og 9. desember.

### Nærturar



Nesten 30 personar trassa regnvêret og vart med på nærtur til Hamaren i august. Der fortalte Jon Hålien om husmannsplassen og dei som budde der, vi fekk også ekte Flåkløypstemning då han drog fram munnspelet. Stemningsfullt var det også då Ragnhild Rolandsgard Hauge spelte langeleik for oss. Ved Skjeftisbakkin fortalte Knut Hålien og fleire av dei framømte som hadde vore ivrige hopparar i sin barn-dom, om glansdagane i hoppbakken.

Ein solfylt og varm septemberkveld gikk turen til Lyrja, der Gunnar Belsheim guida oss på gamle stigar. Denne kar'n kan og hugsar utruleg mykje om gardar og slektar i Vang, til stor glede og interesse for dei 13 som var med på turen. Vi var innoom velhaldne stølshus, gamle tufter etter stølar, stølsjorder, og

ikkje minst ein lang opparbeidd mur (Øverbølyrja). Kafferast med solnedgang avslutta denne fine haustkvelden.

### TV-aksjonen 2024: Saman for små heltar



Årets TV-aksjon går til Barnekreftforeningen, som skal bygge familiehus ved dei store sjukehusa slik at barn med alvorleg sjukdom kan få vere saman med familien sin. 20. oktober går aksjonen av stabelen, vi håpar alle tar godt imot bøsseberarane når dei kjem på døra!

### Skinnvotten



23. oktober kjem Duc Mai The til Vang med førestillinga Skinnvotten. Duc spelar alle rollane med stor innleving og byr på forteljarteater på sitt beste. Passar for barn og unge frå 5 år.

### Besøksvenkurs

Den beste medisn for eit menneske er eit anna menneske, sa Jens Meinich, grunnleggjar av Røde Kors besøkstjeneste. Frivilligsentralen samarbeider no med Grindaheim Røde Kors besøksteneste om å få meir aktivitet kring besøkstenesta i heile Vang. 24. oktober kl.

16 inviterer vi til kurs for besøkssvener!

### Levande lokalsamfunn



Det blir jobba aktivt med å skape levande lokalsamfunn i Vang. Arbeidsgruppa som har ansvar for denne delen av «Bu trygt heime»-reformen, består av frivilligsentralen, folkehelsekoodinator og rådgivar helse og omsorg, i samarbeid med eldrerådet. Vi står bak Møteplassen og digi-hjelp, og jobbar for å utvikle innbyggjer-orientert kommunikasjon på fleire flater. Snart kjem vi med ei ny «Senior i Vang»-brosjyre som vi håper mange kan ha nytte av.

I september var arbeidsgruppa på eit flott kurs i samskapt utvikling, i regi av FremSAM og Innlandet fylkeskommune. Her var det mykje spanande å lære om korleis offentleg, privat og ideell sektor kan utvikle nye løysingar på komplekse utfordringar, saman! Vi gler oss til å jobbe vidare med denne kunnskapen i Vang. På kurset måtte vi mellom anna definere visjonen for prosjektet vårt, og den vart vi veldig fornøgd med: Alle i Vang skal oppleve inkluderande fellesskap i levande lokalsamfunn! Det kjennest som eit godt mål å strekke seg mot, saman med ei rekke gode samarbeidsaktørar og frivillige.

### Møteplassen



Neste Møteplassen er 31. oktober kl. 14 på Mjøsvang kafé. Dette har vorte eit triveleg konsept med fysisk aktivitet, sosialt samvær, god mat og interessante samtaler. Bli med du også – send påmelding til [joanke.tito@vang.kommune.no](mailto:joanke.tito@vang.kommune.no)


### Frivilligmarknad



Laurdag 9. november gjentek vi suksessen frå 2022 og inviterer til storslått Frivilligmarknad i Vangshallen. Her skal frivillige lag få vise seg fram, slik at alle innbyggjarar kan få god kjennskap til aktivitetar dei kan delta på, og korleis engasjere seg i frivilligheita på for den som ønskjer det. Set av dagen og bli med på haustens store happening!

### Bokkveld

Onsdag 4. desember blir det bokkveld på biblioteket med utdeling av prisen til



årets positive vangsgjelding. I år kjem Olav Norheim for å fortelje om Berit på Pynte.

Elles fram mot jul kjem vi til å invitere til forfattarbesøk, kviss, lesesirkel, dikt til lunsj og i desember blir det juleverkstad på laurdagane og luciafrukost den 13. Følg oss på nett, sjekk oppslagstavla, og abonner gjerne på nyheitsbrevet vårt så får du oppdatert informasjon rett i e-post-innboksen din!

Helsing Frivilligsentralen og Biblioteket

## Kyrkjebingo i Høre

Etter ein vellukka bingokveld i vår, set Høre sokneråd opp eit par bingokveldar i haust. Fredag 18. oktober og fredag 22. november inviterer vi til bingo på samfunnshuset i Høre. Aldersgrense 18 år. Dørene opner kl. 19 og bingoen tek til kl. 19.30. I kiosken sel vi bingoblokker, biteti og ymse drikkevarer.

Måndagen før bingokveld må vi ha minst 20 påmeldte for å gjennomføre bingo seinare i veka. Så meld dykk på til Marianne Riste, mobil 932 49 763. Velkomne til ein sosial og hyggeleg kveld på samfunnshuset!

Høre sokneråd





### Babysang

Torsdag 24. oktober - Drengestøga  
 Torsdag 14. november - Fjordstøga på Vangsheimen \*  
 Torsdag 12. desember - Drengestøga

\* Generasjonstreffa på Vangsheimen er i samarbeid med Vang frivilligsentral. Her er alle velkomne, både med og utan baby!




### Kirkerottene på besøk!

Me gjentek suksessen, denne gongen i Vang kyrkje med teaterforestillinga «Kirkerottene og Kuttunge»

laurdag 19. oktober kl 12:00

Det kjem ein spesiell invitasjon til døypte 2- og 3-åringar – men alle er hjarteleg velkomne! (førestillinga er truleg mest aktuell for dei mellom 2-8 år) Inngang: Gratis



## Årsmelding for Heensåsen sokneråd 2023

Etter kyrkjevalet i september var det overtakingsmøte på Mjøsvang Kafe der det nye soknerådet konstituerte seg, og det ser slik ut: Nils Harald Heen (nestleiar og vara fellesrådet), Oddvin Almenning (kasserar), Elin Rømyhr Haugen (sekretær), Unni Flaate (medlem av fellesrådet), Randi Sandhaugo, Synnøve Kvam og Solbjørg Kvalshaugen (leiar og medlem av fellesrådet). I det nye soknerådet blir alle medlemmer kalla inn til møter, vara eller ikkje, slik at alle medlemmene er med i arbeidet som blir gjort.

Me hadde ei triveleg overtaking frå det avtroppande soknerådet, med god utgreiing om arbeidet til soknerådet. Vår intensjon er å vidareføre det gode arbeidet som det tidlegare soknerådet har gjort. Dei orienterte mellom anna om ein planlagt utsiktspaviljong ved kyrkja, og materialane ligg ute. Desse vil vi få under tak.

Det har vore ni messer i 2023, og det nye soknerådet har hatt to møter og eit felles med dei tre andre sokneråda i Vang.

Soknerådet vil servere kyrkjekaffi anten før eller etter kvar messe. Ved kveldsmesser er det kaffi ein halv time før messa og ved dagmesser rett etter, og i ein halv time etter messa. Det vil vera saft til borna. Det viktige med kyrkjekaffien er møteplassen, og ein stad der alle er velkomen til ein prat.

Offeret frå Heensåsen kyrkje skal gå annankvar gong til kyrkja sitt arbeid og annankvar gong til arbeid med psykisk helse for born og unge.

Solbjørg Kvalshaugen  
 Leiar



## Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Alle gode ting er tre	480 95 948	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	TK-Bygg AS	99 00 94 84
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Elektromontasje	48 26 73 64	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyinlam	99 46 61 15
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Grindaheim Bygg &		Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Heen Tre	90 93 29 57	Vang Grave- og Transport-	
Helsing Maskin AS	99 23 03 36	service AS	95 87 90 04
IngWi modell	91 78 01 38	VangiValdres taxi	46 30 46 30
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Rør	99 52 22 22
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øko-Nils	97 11 01 20
Montér Kvismo	61 36 81 85	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Pelssau	99 71 43 18		

## Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger 'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing  
Vang og Øye Sokneråd

## Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing  
Heensåsen og Høre sokneråd

## Stiftinga Torgeir Førers minne

Stiftinga Torgeir Førers minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja.

Søklarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

### Søknad kan sendast til:

Torgeir Førers minne,  
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen  
eller e-post:  
torgeirforsminne@yahoo.no

## MENIGHETSBLAD FOR VANG

**Utgjevar:**  
Sokneråda i Vang

**Redaksjon:**  
Silje Hammerstad, Ivar Helsing,  
Ingebjørg Vik Laugaland.

**Redaktør:**  
Sidsel Offergaard Jevne  
vangmenighetsblad@gmail.com

**Rekneskap:**  
Kyrkjeleg fellestråd  
Kontonummer: 2146.30.04444

**Bladpengar kr. 200,- og oppover  
Annonse kr. 200,- pr. år**

Trykkes i 900 eks. fullfarge.



## Slekters gang

### Høre sokn:

#### Døyp:

08.09: Elida Tørstad Bergli

#### Vigsel:

20.07: Hanne Eleonore Garfelt og  
Håvard Rogn Tveit

21.09: Anja Kampen Hamre og  
Simen Høglien (på Bygdin)

#### Død:

29.05: Per Madsen

04.08: Eivind Wangenstein

25.08: Jorunn Dagny Haugen

### Heensåsen

#### Vigsel

23.06: Reidun Anita Porten og  
Kåre Skogstad

29.06: Live Karbø Onstad og  
Henning Meyer Petersen

#### Død:

28.06: Ingeborg Sandsengen

### Øye

#### Døyp:

23.06: Erik Wahlquist Søndrol

01.09: Bjørg Grøv

#### Død:

01.07: Helge Opdal

14.09: Bent Harald Lindbæk  
Johansen



## FRIST

FOR INNSENDING AV  
STOFF TIL NESTE UTGAVE

15. NOVEMBER

# Gudstenesteliste

**Søndag 13. okt. – 21. s. i treeiningstida**  
**Vang kyrkje kl 11:00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland

**Laurdag 19. oktober**  
**Vang kyrkje kl 12:00**  
 Kyrkjerotter. For alle.  
 Trusopplæringstiltak.

**Onsdag 23. oktober – Morgonsong**  
**Vang kyrkje kl. 10:30**

**Torsdag 24. oktober**  
**Vangsheimen kl. 13:00 Andakt**

**Søndag 27. okt. – 22. s. i treeiningstida**  
**Høre stavkyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste med utdeling av bøker til  
 6-åringar frå alle sokna våre v/sokneprest  
 Laugaland. Nattverd.

**Søndag 3. nov.- Allehelgens søndag**  
**Vang kyrkje kl.19:00**  
 Minnegudsteneste v/sokneprest  
 Laugaland

**Søndag 17. nov. – 26. s. i treeiningstida**  
**Høre stavkyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland.  
 Dåp og nattverd.

**Onsdag 20. november – Morgonsong**  
**Vang kyrkje kl. 10:30**

**Torsdag 21. november**  
**Vangsheimen kl. 13:00 Andakt**

**Søndag 24. nov. – siste s. i kyrkjeåret**  
**Øye kyrkje kl. 16:00**  
 Lysmesse v/konfirmantane og sokneprest  
 Laugaland

**Søndag 1. desember – 1. søndag i advent**  
**Vang kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

**Tysdag 3. desember**  
**Drengestøga kl. 16:30-18:30**  
 Julegrantenning og graut for alle.  
 Trusopplæringstiltak

**Laurdag 7. desember**  
**Vang kyrkje kl. 19:00**  
 Moddi. Ekstern konsert v/ Vinjrock

**Søndag 8. desember – 2. søndag i advent**  
**Øye kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

**Søndag 8. desember – 2. søndag i advent**  
**Høre stavkyrkje kl. 14:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

**Onsdag 11. desember**  
**Vang kyrkje kl. 18:00**  
 Ekstern konsert.  
 Med Valdresmål og meining

**Søndag 15. desember – 3. s. i advent**  
**Vang kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland.  
 Juleverkstad i Drengestøga etter messa.  
 For alle. Trusopplæringstiltak.

**Måndag 16. desember**  
**Vang kyrkje kl. 19:00**  
 Vi syng og spelar jula inn. Fjellblom  
 musikklag og Høre Mannskor

**Onsdag 18. desember**  
**Heensåsen kyrkje kl. 19:00**  
 Vi syng og spelar jula inn. Fjellblom  
 musikklag og Vangskoret

**Torsdag 19. desember**  
**Vang kyrkje kl. 09:30**  
 Skulegudsteneste v/4.klasse og  
 sokneprest Laugaland


**Søndag 22. desember – 4. s. i advent**  
**Høre Stavkyrkje kl. 19:00**  
 Vi syng og spelar jula inn saman med  
 Høre mannskor

**Måndag 23. desember**  
**Vangsheimen kl. 13:00**  
 Julegudsteneste v/sokneprest Laugaland

**Tirsdag 24. desember – julaftan**  
 ● **Høre Stavkyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

● **Heensåsen kyrkje kl 13:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

● **Øye kyrkje kl. 15:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland



**Onsdag 25. desember – 1. juledag**  
**Vang kyrkje kl. 12:00**  
 Høgtidsgudsteneste v/sokneprest  
 Laugaland. Vangskoret deltek

**Tirsdag 31. desember – nyttårsaftan**  
**Vang kyrkje kl. 17:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

## Elektrisk Installasjon as

- har sponset utgivelsen av denne utgaven av

VANG MENIGHETSBLAD